

Namnekomiteen, vegnamn Grotli Hyttegrend


har vore slik samansett: Tormod Hvattum, Hilde Marit Hauge Flatmo, Åse F. Skamsar, Anna Bruland. Dei har kome med forslag på namn på fellesvegar, tilhøyrande Grotli Veglag.

Dei gjekk ut ifrå kart frå Grotli Veglag, der fellesvegane var innteikna. Eitt kart over H1, eitt over H2 og eitt over alle hyttefelt vest for gamle Strynsfjellsvegen.

På karta er avmerka 1, 2, 3 o.s.v. ved avkøyringar/kryss.

Forslag til vegnamn, med begrunnelse:

H1:




1 – 3: **Grotlivassvegen** (*Turstigen "Grotlivassrunda" startar ved Rv258, er allereie merka, og følger denne vegen*).

2 – 4: **Raudskrubben** (*"Veit ingen stad det veks meire raudskrubb..." jamfør utsagn frå soppkaren på laget vårt*).

1 – 5: **Vidsyn** (*Frå toppen av haugen er det utsyn til "alle kantar"*)

H2:




- 1 – 4: **Skridulaupraket** (*Turist-råket / T-stigen til Skridulaupen er merka og skilta frå Rv258*)
3 – 5: **Måråstubben** (*Etter elva Måråa, som "svingar seg rundt" området*)
2 – 6: **Dvergspetten** (*Dvergspetten er svært sjeldan å observere i Ottadalen / Gudbrandsdalen, etter det vår lokale fugleekspert Per Bådshaug i Lom seier. I H2 har det kvar vinter, sidan seinhausten 2004, vore observert 1-2 dvergspettar. Denne er så sjeldan, at vi meiner den bør få eit stadnamn etter seg*).

Felta på vestsida av Strynsvegen:

- 1 – 4: **Kjosvegen** (*Kjoshytta, Kjossvingen og Kjostjønna er kjende namn i området. Denne vegen går i nærleiken av, og oppafor, desse*).
- 3 – 14: **Reinstrekket** (*Reinen har trekk i dette området*).
- 5 – 6: **Myrlappen** (*Ved denne vegen er det små tjern, med ein del froskar – froskedammar. Vi valgte å bruke vårt dialektord for frosk, nemleg myrlapp*).
- 2 – 10: **Heillstuguraket** (*Prøvde finne namn med Langvassegg---, men det vart lange/tunge namn. Naturleg å ha med Heillstugu- i eit av vegnamna, og denne peikar mot Heillstugu og Heillstuguvatnet*).
- 7 – 11: **Rypesporet** (*Rypene er eit triveleg og naturleg innslag i området vårt. Ved denne vegen er det allerie hytte med Rype- i namnet*).
- 9 – 13: **Smiubelgen** (*Langs Strynsvegen er det fleire stader tufter/gamle murar etter smier, frå dengong vegen vart bygd. Ei av dei like før ein kjem til Heillstuguvatnet*).
- 8 – 12: **Jervedrågje** (*Litt lenger oppe slepper jerven seg ned frå Langvassegga, og kryssar dalen i osen av Heillstuguvatne. "Jerveres"*).

Kart, felte på vestsida av Strynsvegen:



Dei kom òg fram til at **Saltplassen** bør få skilt, da det er eit aktuelt referansepunkt. *Saltplassen, eller Saltlageret, vart brukt om denne plassen "før i tida". Vegvesenet hadde vegsalt-lager her (dette var før det vart heilårsveg gjennom Breidalen).*

Forslaga vart lagt fram for styret, og årsmøtet i Grotli Veglag, påska 2010. Ingen merknat til namneforslaga – komiteen fekk ros for jobben dei har gjort...